



Jakob Rosvik

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/581 - 17/16305

Saksbehandlar:  
Alexander Helle  
alexander.helle@meland.kommune.no

17.08.2017

## Møterefertat Vassportsenter 14.08.17

Til stades:

Susanne Sørli Slettebakken (ungdomsrådet), Audun Håland (Nordhordland padleklubb), Tor Mjåtveit (Nordhordland seilforening), Simen Wilborg (Frivannsliv), Anita Soltveit (Austrheim kommune), Jakob Rosvik (3RW arkitektar), Eirik Utne, Ane Bysheim, John Fredrik Wallace, Alexander Helle (ref) (Meland kommune)

### Bakgrunn

Meland kommune har sidan 2015 arbeid med områdeplan for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy. Planarbeidet er eit offentleg/privat samarbeid mellom Meland kommune og Vest land eigedom AS. Innanfor planområdet er det i kommuneplanen avsett eit område til eit idrettsanlegg/ vassportsenter for umototrisert bruk av sjø. Vest lands konsulent, Jakob Rosvik frå 3RW arkitektar, orienterte om planarbeidet så langt. Prosessen kort oppsumert:

- Det vert foreslått å flytta plasseringa av vassportsenteret frå Langaneset til Langholmen. Dette vil gje senteret ei meir sentral plassering i planområdet, landskapet er betre eigna og ein unngår konflikt med kjent lokalitet for kulturminne.
- Storleiken på senteret er utvida. Innspela til planen så langt tyder på at senteret kan få stor regional verknad, og at det bør planleggast for langt fleire brukarar enn innbyggartalet i Meland kommune skulle tilsei.
- Vassportsenteret kan ha stort potensiale for å sambruk (med til dømes barnehage/skule mm.), og kan gje synergieffekt for annan etablering (næring/hotell/friluftsliv mm.). Senteret kan også bli ein viktig del av identiteten for ny busetnad i området, og det kan difor vera positivt om det vert etablert i ein tidleg fase i utviklinga av Midtmarka og Rotemyra.

Etter orienteringa var det ein runde rundt bordet for innspel, dei er oppsumert under:

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

- Positivt med samlokalisering, kan opne for bruk heile døgnet, og til dømes felles parkeringsanlegg
- Ein bør ta høgde for stort parkeringsbehov, ved til dømes stevner ol.
- Det må sikrast nok areal slik at senteret om naudsynt kan utvidast i framtida
- Heile Langholmen bør settast av til vassport
- Ein bør tenkja alternativ aktivitet i nærområdet (for til dømes familiar). Leikeområde, fysisk aktivitet, benkar, grillar ol.
- Ha fokus på bruk og aktivitet heile året, ikkje berre sesong
- Skapa senteret som ein attraksjon for heile Nordhordland, landemerke
- Stort behov for lagerkapasitet, båtar, kajakkar og naudsynt utstyr. Kan vera enkle løysningar, og kan få ned bilbruk knytt til transport av utstyr. Kajakhotel nemnt som døme.
- Forsamlingslokale kunne vore knytt til, kan brukast til stevne, konferansar og til utleige for private samlingar.
- Husvære i bygget kan vurderast som finansieringsmodell

Vidare vart utforming lufta. Ulike tilnærmingar vil kunne vera mogeleg, til dømes eit større fellesbygg, eller fleire mindre bygg, som eit vassportstun i lokal nauststruktur

Meland kommune takkar deltakarane i møtet for mange gode innspel. Vest lands konsulentar vil ta desse med i det vidare arbeidet med planen. Ein vonar at eit 1. utkast av områdeplanen er klar til handsaming vinteren 2018/19.

#### **Vegen vidare**

Sjølve realiseringa av eit mogeleg vassportsenter vert ikkje ein del av planarbeidet med områdeplan for Midtmarka og Rotemyra. Det var i møtet semje om at dei ulike miljøa som kan tenkast som brukarar av eit slikt senter burde samla seg for å finna ut av korleis denne prosessen kan gå føre seg.

Atle Berseth, rogruppa i Kvernbit IL, hadde fått feile opplysningar om møtetidspunkt, og kom difor etter at møtet var heva. Han har bedt om at hans innspel vert formidla til deltakarane i møtet. Desse ligg vedlagt

Med helsing

Alexander Helle  
arkitekt - arealplanleggjar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Anlegg for sjøsport og kystkultur Flatøy  
Anlegg sjøsport og kystkultur Flatøy

**Kopi til:**

**Kopi til:**  
Idrettsrådet

**Mottakere:**

Ane Bysheim

Anita Soltveit

Atle Bergseth

Audun Håland

Eirik Bouwer Utne

Jakob Rosvik

John Fredrik Wallace

Simen Wilborg

Susanne Sørli Slettebakken

Tor Mjåtveit